



Torkel Myklebust med slekt i Uskedalen skriv boka *Møte etter vegen*.

Torkel Myklebust med slekt frå Rabben i Uskedalen skriv boka *Møte etter vegen*, refleksjonar og kvardagsord etter møte offisielt og privat med personar i ulike situasjonar. Myklebust kjem frå Etne, men bur på Sand i Ryfylke. Han var ein profilert ordførar i Suldal og medlem i Fylkestinget i Rogaland. Mange minnest han frå NRK programmet *Nytt på nytt*.

Far til Torkel, Kaare G. Myklebust, kjem frå Rabben i Uskedalen. Han var heradsagronom i Etne. Mora, Gunnhild Øvernes frå Etne, dreiv blomsterforretning. Torkel er såleis syskenbarn mellom anna til Reidar Myklebust og Steinar Myklebust. Torkel (f. 1952) tok veterinærutdanning og har hatt sitt praksis i Suldal kommune.

Boka *Møte etter vegen* er på 136 sider og har mange bilete. På kvar side finn vi litterære gullkorn av kvardagsord om stort og smått, frå spørsmål og undring, tru og tvil. Aforismar er den rette sjangeren og mange av uttrykka liknar på ordtak.

Her er nokre utdreg frå boka:

- Å sjå er lett om me opnar augene.
- To små hender held ta i meg.
- Det er lettare å sjå kva andre skulle gjort.
- Livet kjem, det går ikkje.
- Kvifor spør du, når du ikkje vil ha svar ?
- Feilfritt er feil.

Torkel Myklebust, med lang fartstid frå politikken og i møte med menneske frå næringsliv og kulturlivet, brukte ofte dikt og personlege uttrykk for å illustrera kva ein ville å få fram.



Boka *Møte etter vegen* er ei samling av uttrykk og refleksjonar i møte med menneske.

**Redaksjonen i Uskedalen.no har boka for sal. Ta kontakt med Kristian Bringedal på mobil: 915 31 487.
Pris: kr. 250,-.**

Boka er ei fin julegåve.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat